

Referat frå styremøte i V.I.L

Tid: torsdag 08.12.2011 kl 19.30-22.00

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Einar Hoel, Yvonne Dale, Ellisiv Valdal Jarvik, Liv Marit Indreeide, Arvid Frostad, Aksel Indreeide, Karianne Vestre Døving

Forfall: Lars Bjarne Sandnes, Magne Eivind Glomnes, Kristi L. Stakkestad

Sak 1: Orientering frå gruppene

Fotball v/ Ellisiv V. Jarvik: Jobbar med å sette opp lister over treningstider. Det er ein utfordrande jobb pga manglende kapasitet. Fotballgruppa har seld skapekalenderar for ca. 10.000 kr. Etter jul blir det keepertrening med Per Gunnar.

Trim v/Liv Marit Indreeide: Evaluering av fjelltrimmen har vore gjort, og konklusjonen er positiv! Trimgruppa driv med planlegging av Julerunden 28. desember.

Langrenn v/ Aksel Indreeide: Jobbar med programbladet som skal ut før jul, og jobbar også for å skaffe nye sponsorar. Det blir også gjort ei vurdering av trakkemaskina. Skal ein behalde den gamle eller kjøpe ny? Det er relativt store reperasjonar kvart år, og då må ein vurdere kva som er mest lønnsamt. Trening: Tysdagar (6- 10 år), der vaksne skal følgje opp. Det blir trening tysdag og torsdag frå 11 år og oppover der Anne Kristin Hoel skal vere trenar. Nye priser på skikafe: Drikke kr 5,- og mat kr 10,- elles er tilbodet som før. Langrennsgruppa skal også selje julenek i år som tidlegare.

Idrettsskulen v/ Karianne V. Døving: Idrettsskulen går sin gang, og det er ca. 25 barn som har meldt seg på. Det varierer likevel litt frå gong til gong kor mange som er der. Det er viktig å passe på at barna er medlemmar i idrettslaget. Det stod også klart presisert då skrivet om idrettskule blei delt ut i haust.

Sak 2: Tilsetjing av reinhaldar på klubbhuset

Det er tre søkjrarar til denne stillinga.

Vedtak:

1. Chandrakumari Veerasingam (får tilbydd stillinga)
2. Slawomir Roman Lesniak (innstilt som nummer to)

Yvonne Dale har laga ein god instruks for vaskinga og korleis det skal gjerast.

Styret gjekk grundig igjennom avtalen/kontrakta.

Sak 3: Slagord

Vedtak: "Vi kan- vi VIL" vart vinnarslagordet! Det blir premie til dei tre forslaga som har vore sendt inn. Forslag om gavé frå Norsk Bærindustri. Vinnarslagordet skal kunngjerast i SN.

Det vart også sagt at tilboda V.I.L har bør vere med i "Innflyttargåva/informasjonen" som Fjordhagen deler ut.

Sak 4: Omorganisering av V.I.L

Kva tankar har vi kring det? Skal laget halde fram som før, eller skal ein vurdere å lønne leiar og dei som har dei tyngste leiarverva? Det vart sagt at det ikkje er enkelt å få folk til å ta på seg dei mest krevande oppgåvene. Det vart hevda at ein ikkje kan kutte ned på folk verken i styret eller i undergruppene for å få dei til å fungere. Å ha ei ryddig arbeidsfordeling i styret og i undergruppene er viktig!

Vedtak: Styret skal ha eit eige møte der vi jobbar med dette før årsmøtet. Einar sender div. informasjon som styret skal lese før møtet.

Sak 5: Andre saker

Nettside: No er nettsida oppe, men der er lite stoff. Vi må jobbe aktivt med denne sida, og ta ansvar for den. Forslag om at ein ungdom kan gjere jobben og få litt betaling for det.
Opplæring av bruk av nettsida blir tysdag 13/12 på kommunestyresalen kl 19. Styrreferat kan også leggjast ut på nettsida.

Marknad blir 21. april og huset er tinga. Det vart sagt at ein bør fornye seg litt/gjere litt annleis enn vanleg, og kanskje få inn meir pengar.

Medlemskontingent: Dele ut giroar i januar. Bra om det kan følgje kalenderåret. Forslag om trekking av pengepremie (700 kr) blant dei som betaler medlemsskap i idrettslaget innan ein viss betalingsfrist- (skal verke som ei gulrot ☺)

Framtida til Olsokarrangementet: Hovudlaget har ansvaret for å arrangere Olsok (ikkje berre langrennsgruppa). Det betyr også ei større fordeling av inntektene. Arbeidet må kome i gang over nyttår. Viktig å få nye idear på bana og vidareutvikle dei gamle.

Elektronisk tidsrekordsystem: Det er snakk om at langrennsgruppa skal kjøpe eit slikt system. Det er dyrt, men kan vere muleg å få diverse spelemidlar og tilskot. Fleire grupper kan også ha god nytte av det. Friidrettsgruppa kan ha god nytte av det (Mefjellet Opp osv)